



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»



Saksbehandlar
Tormod Fossheim

Tlf. direkte innval

Vår ref.
2007/882-23

Dykkar ref.
«REFDATO»

Dato
22.11.2016

Særutskrift - 241/69 - anlegg - hytteområde / småbåthamn - Hansalio - Sandvoll - Boligservice AS

Kvinnherad forvaltningskomité hadde klagesaka føre i møte 16.11.2016 med vedtak nr 2016/140.

Forvaltningskomiteen gav ikkje klagar medhald i klagen og saka vert med dette sendt Kommune- og justisseksjonen for endeleg avgjerd.

Saksopplysningar vedkomande eigedom, søkjar, klagar og type sak framgår av overskrifta. Dette brevet er sendt elektronisk utan underskrift og vert ekspedert med e-post.

Vi er kjende med at saksbehandlingstida hjå justisavdelinga for tida er inntil 4 månader, og bed ikkje om spesiell prioritering for denne saka.

Eventuelle spørsmål kan rettast til saksbehandlar.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Tormod Fossheim

Side 2

Mottakarakar:

Odd Rune Erslund	Jensavegen 6	5450 SUNDE I SUNNHORDLAND
Steinar Skarveland	Nedre Skarveland 2	5452 SANDVOLL
Fylkesmannen i Hordaland, justis og forvaltningsavd.	Postboks 7310	5020 Bergen
Valter Bernard Erslund	Nedre Erslund 12	5452 SANDVOLL
Ideal Invest A/S v/Geir Rusten	Handelandsvegen 61	5451 VALEN
Jan Atle Erslund	Nedre Skarveland 61	5452 SANDVOLL
Prosjekt Konsult Kvinnherad A/S	Stabburshaugen 5	5460 HUSNES
Trygve Georg Erslund	Sandsletta 100	4050 SOLA
Bygg og Kaianlegg A/S	Bønaset	4260 TORVASTAD
Prosjekt Konsult A/S	Stabburshaugen 5	5460 HUSNES
Øyvind Erslund	Erslund 5	5452 SANDVOLL
Jan Herman Skarveland	Skarvelandsvegen 41	5452 SANDVOLL

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe Saksbehandlar

2007/882-22 Tormod Fosheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/140	Forvaltningskomiteen	16.11.2016

Behandling klage igangsettingsløyve tekniske anlegg - 241/69 - hytteområde Hansalio - Sandvoll - Ideal Invest A/S

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite tek ikkje klagen til følge og opprettheld sitt vedtak av 24.08.2016 som følgjer:

Kvinnherad forvaltningskomite finn i samsvar med utgreiinga nedanfor at tilkomsten til 141/69 over 140/5 er tilstrekkeleg sikra i samsvar med krava i plan og bygningslova (pbl) §27-4.

Kvinnherad forvaltningskomite stadfester difor rådmannen sitt igangsettingsløyve av 13.05.2016 med følgjande:

Midlertidig dispensasjon

Kvinnherad kommune gjev med heimel i pbl kap 19 midlertidig dispensasjon frå reguleringsplanen for Hansalio hyttefelt og Kringleneset byggefelt i samsvar med søknad dagsett 28.04.2016. Krysset mellom tilkomstvegen for feltet og eksisterande veg mellom kommunevegen og sjøen kan difor godkjennast i vertikal- og horisontalplan slik det er bygd i dag.

Den midlertidige dispensasjonen gjeld fram til vegsystemet i byggefelt Kringleneset vert utbygd i samsvar med godkjend reguleringsplan. Då må tilkomstvegane for dei 2 felta tilpassast i vertikalplanet.

Igangsettingsløyve

Med heimel i pbl § 20-3 vert søknad journalført 10.03.2016 og 28.04.2016 samt tilhøyrande planar og teikningar godkjende. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

Vilkår

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå elles vilkår i brev frå Verksemd for kommunalteknikk dagsett 09.03.2016: Godkjenning VA-plan – 241/69.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 16.11.2016

Nytt framsett punkt frå forvaltningskomiteen:

Forvaltningskomiteen oppfordrar partane til å koma saman for å bli enige om ein avtale om tinglyst vegrett til feltet.

Leiar Øyvind Utne, Irene Sjø og Jan B Ingvaldsen frå komiteen vert med.

Røysting: Rådmannen sitt forslag, i tillegg til framsett punkt, vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 16.11.2016

Kvinnherad forvaltningskomite tek ikkje klagen til følgje og opprettheld sitt vedtak av 24.08.2016 som følgjer:

Kvinnherad forvaltningskomite finn i samsvar med utgreiinga nedanfor at tilkomsten til 141/69 over 140/5 er tilstrekkeleg sikra i samsvar med krava i plan og bygningslova (pbl) §27-4.

Kvinnherad forvaltningskomite stadfester difor rådmannen sitt igangsettingsløyve av 13.05.2016 med følgjande:

Midlertidig dispensasjon

Kvinnherad kommune gjev med heimel i pbl kap 19 midlertidig dispensasjon frå reguleringsplanen for Hansalio hyttefelt og Kringleneset byggefelt i samsvar med søknad dagsett 28.04.2016. Krysset mellom tilkomstvegen for feltet og eksisterande veg mellom kommunevegen og sjøen kan difor godkjennast i vertikal- og horisontalplan slik det er bygd i dag.

Den midlertidige dispensasjonen gjeld fram til vegsystemet i byggefelt Kringleneset vert utbygd i samsvar med godkjend reguleringsplan. Då må tilkomstvegane for dei 2 felta tilpassast i vertikalplanet.

Igangsettingsløyve

Med heimel i pbl § 20-3 vert søknad journalført 10.03.2016 og 28.04.2016 samt tilhøyrande planar og teikningar godkjende. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

Vilkår

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.

2. Sjå elles vilkår i brev frå Verksemd for kommunalteknikk dagsett 09.03.2016: Godkjenning VA-plan – 241/69.

Forvaltningskomiteen oppfordrar partane til å koma saman for å bli enige om ein avtale om tinglyst vegrett til feltet.

Leiar Øyvind Utne, Irene Sjo og Jan B Ingvaldsen frå komiteen vert med.

Saksutgreiing:

Klagar: Eigar av 240/5, Jan Hermann Skarveland.

Påklaga behandling og vedtak, forvaltningskomiteen 24.08.2016:

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite finn i samsvar med utgreiinga nedanfor at tilkomsten til 141/69 over 140/5 er tilstrekkeleg sikra i samsvar med krava i plan og bygningslova (pbl) §27/4.

Kvinnherad forvaltningskomite stadfester difor rådmannen sitt igangsettingsløyve av 13.05.2016 med følgjande:

Midlertidig dispensasjon

Kvinnherad kommune gjev med heimel i pbl kap 19 midlertidig dispensasjon frå reguleringsplanen for Hansalio hyttefelt og Kringleneset byggefelt i samsvar med søknad dagsett 28.04.2016. Krysset mellom tilkomstvegen for feltet og eksisterande veg mellom kommunevegen og sjøen kan difor godkjennast i vertikal- og horisontalplan slik det er bygd i dag.

Den midlertidige dispensasjonen gjeld fram til vegsystemet i byggefelt Kringleneset vert utbygd i samsvar med godkjend reguleringsplan. Då må tilkomstvegane for dei 2 felta tilpassast i vertikalplanet.

Igangsettingsløyve

Med heimel i pbl § 20-3 vert søknad journalført 10.03.2016 og 28.04.2016 samt tilhøyrande planar og teikningar godkjende. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

Vilkår

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå elles vilkår i brev frå Verksemd for kommunalteknikk dagsett 09.03.2016: Godkjenning VA-plan – 241/69.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 24.08.2016

Det var synfaring på staden før møte.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 24.08.2016

Kvinnherad forvaltningskomitee finn i samsvar med utgreiinga nedanfor at tilkomsten til 141/69 over 140/5 er tilstrekkelig sikra i samsvar med krava i plan og bygningslova (pbl) §27/4.

Kvinnherad forvaltningskomitee stadfester difor rådmannen sitt igangsettingsløyve av 13.05.2016 med følgjande:

Midlertidig dispensasjon

Kvinnherad kommune gjev med heimel i pbl kap 19 midlertidig dispensasjon frå reguleringsplanen for Hansalio hyttefelt og Kringleneset byggefelt i samsvar med søknad dagsett 28.04.2016. Krysset mellom tilkomstvegen for feltet og eksisterande veg mellom kommunevegen og sjøen kan difor godkjennast i vertikal- og horisontalplan slik det er bygd i dag.

Den midlertidige dispensasjonen gjeld fram til vegsystemet i byggefelt Kringleneset vert utbygd i samsvar med godkjend reguleringsplan. Då må tilkomstvegane for dei 2 felta tilpassast i vertikalplanet.

Igangsettingsløyve

Med heimel i pbl § 20-3 vert søknad journalført 10.03.2016 og 28.04.2016 samt tilhøyrande planar og teikningar godkjende. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

Vilkår

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Sjå elles vilkår i brev frå Verksemd for kommunalteknikk dagsett 09.03.2016: Godkjenning VA-plan – 241/69.

Saksutgreiing:

Historikk

- Reguleringsplanen for Hansalio vart første gang godkjent i 1998 som eit kombinert bustad og hyttefelt med eigen tilkomst frå kommunevegen på *sørsida* av Erslandsbekken.
- Reguleringsplan for Kringleneset bustadområde vart godkjent i 2005. Feltet hadde tilkomst frå kommunevegen på *nordsida* av Erslandsbekken. Som resultat av avtale mellom eigar av Hansalio og Kringleneset, viste reguleringsplanen for Kringleneset veg inn til Hansalio frå Kringleneset sin tilkomstveg på nordsida av Erslandsbekken.
- Dette vart stadfesta som mindre endring av reguleringsplanen for Hansalio i 2007. Hansalio vart også omgjort til reint hyttefelt ved ein tidlegare mindre endring.
- Då dei 2 reguleringsplanane vart utarbeidd, var det allerede opparbeidd tilkomstveg frå kommunevegen til sjøen. Denne er svært bratt på enkelte parti. Den nye tilkomsten krev meir areal og betingar at Erslandsbekken vert lagt i røyr. Innkøyringa til Hansalio er i reguleringsplanen heva med inntil 3 m i høve til eksisterande veg. Dette for å få ei tilfredstillande stigning på den felles tilkomsten.
- Kommunen gav 05.06.2007 delvis igangsettingsløyve til Trelasten A/S for tekniske anlegg i Hansalio hyttefelt. Bekken kunne leggjast i røyr og det kunne fyllast over dalen for tilkomstvegen til feltet samt «renskast for tekniske anlegg» for resten av feltet. Løyvet forutsette at resterande arbeid måtte detaljprosjekterast av «konsulent godkjent for ansvarsrett». Arbeidet vart utført, og hovudvegen i feltet vart delvis opparbeidd. Den nye veggen kryssa bekken og knytte seg til eksisterande veg. Så stoppa tiltakshavar vidare arbeid med feltet.
- I 2015 vart det søkt om endring av ansvarsrettar for igangsettingsløyvet frå 2007. I følgje forskrifter til plan- og bygningslova gjeld eit løyve i 3 år. Løyvet av 2007 var også eit delvis igangsettingsløyve som forutsette ytterlegare prosjektering for resterande arbeid. Kommune krov difor ny søknad med nye ansvarshavande samt at resterande prosjektering vart utført.

Side 6

- Slik søknad låg føre i komplett utgåve den 28.04.2016.
- Kommunen gav dispensasjon frå reguleringsplanen og nytt igangsettingsløyve den 13.05.2016.
- Eigar av Kringleneset kom med merknad dagsett 24.05.2016, og hevda at Hansalio ikkje hadde vegrett og deira eigedom 240/5.
- Kommune oversende merknaden til Hansalio og gjorde det klar at dersom det ikkje kunne leggjast fram dokumentasjon på vegrett i samsvar med krava i plan og bygningslova, måtte kommunen vurderer å trekkja igangsettingsløyvet av 13.05.2016.
- Den 14.06.2016 kom det tilsvar frå Hansalio som ikkje kunne visa til tinglyst avtale. Dei hevda at lovleg tilkomst likevel var sikra då det grunna andre dokumenterte tilhøve ville vera stort sannsyn for at ein domstol i ei privatrettsleg sak ville tilkjenna Hansalio vegrett over 240/5.
- Saka vert no fremja for forvaltningskomiteen som skal gjera ei skjønsmessig vurdering av vegretten.

Bakgrunnen for igangsettingsløyve

Planstatus:

Den omsøkte utbygginga er i tråd med Reguleringsplan for hytteområde Hansalio, sist endra 07.03.2007, med unntak av tilknyttinga til eksisterande veg i nord. Sjå dispensasjonsbehandlninga nedanfor.

Dispensasjon:

Reguleringsplanen for Hansalio, sist endra 07.03.2007, viser tilknytting av hyttefeltet til felles tilkomstveg mellom kommunevegen og sjøen. Dette er også i samsvar med reguleringsplanen for Kringleneset. Tilknyttinga forutset, grunna nødvendige tilpassingar i vertikalplanet, at vegsystema i Kringleneset og Hansalio vert utbygde samstundes. Eigarane av Kringleneset har på det noverande tidspunkt ikkje konkrete planar om vidare utbygging, og tilkomsten til Hansalio vert difor tilpassa eksisterande veg frå kommunevegen til sjøen. Slik tilpassing vart utført då krysset vart bygd i 2007 på grunnlag av delvis igangsettingsløyve av 05.06.2007, og vert stadfesta i dispensasjonsvedtaket. Dispensasjonen gjeld fram til Kringleneset vert utbygd i samsvar med godkjent reguleringsplan. Då må tilkomstvegane til dei 2 felte tilpassast i vertikalplanet.

Nabovarsel:

Naboar var lovleg varsla då tiltaket vart omsøkt i 2007. Det kom ingen merknader. Kommunen har friteke den fornya søknaden for ny varsling sidan naboane er dei same og deira interesser ikkje er ytterlegare berørte. Den midlertidige dispensasjonen er vurdert som positiv for naboane.

Naboane har partsinteresser og fekk melding om vedtaket. Merknaden frå Kringleneset om manglande vegrett vart fremja på grunn av denne meldinga og er grunnlag for at saka no vert fremja for forvaltningskomiteen.

Ansvar:

Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.

Estetikk:

Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.

Andre tilhøve er vurderte i reguleringsplanprosessen.

Vurdering

I denne behandlinga skal forvaltningskomiteen vurderer om Hansalio trass i manglande tinglyst vegrett over 240/5, har tilstrekkeleg sikra tilkomst i samsvar med pbl §27-4.

Dei 2 gjeldande reguleringsplanane har vorte utvikla gjennom fleire planvedtak der partane har informert kvarandre i samsvar med krava i plan og bygningslova. Partane har ikkje hatt formelle merknader før til igangsettingsløyvet av 13.05.2016. Likeins har det vore forhandlingar og det har vore gjort munnlege og ikkje underteikna skriftlege avtalar om samarbeid om opparbeiding av felles veg.

Dette viser etter rådmannen sitt syn at det det heile tida har vore ein felles forståelse hos alle partane om at Hansalio skal få vegrett over 140/5.

Når no eigaren av 140/5 kjem med merknad, er det for å sikra det økonomiske fordelinga i samband med utbygging av den felles tilkomstvegen. Dette er imidlertid privatrettsleg tilhøve, og kommune uvedkomande.

Kommunen skal sikra at det ligg føre godkjent og evigvarande tilkomst, eller i det minste at det (jf kommentarar til pbl, *Inngjorde* mfl), er stort sannsyn for at ein domstol ville kome fram til tilsvarande.

Rådmannen vurderer det difor ut frå historikken og utgreiinga ovanfor at slikt sannsyn ligg føre og innstiller på at forvaltningskomiteen stadfester igangsettingsløyvet av 13.05.2016.

KLAGEBEHANDLING, forvaltningskomiteen 16.11.2016

Klagefrist: Klagen kom innan fristen

Uttale til klagen: Klagen har vore sendt på uttale til tiltakshavar. Det er komen merknad frå Ideal Invest A/S v/adv Sturla Vik Vestly. Sjå vedlegg

Samandrag av klagen m/kommentarar frå rådmannen

5471 Klagar hevdar at kommunen feilaktig gav igangsettingsløyve utan nabovarsling, og viser til pbl §21-3 (5. ledd) der det er sett ein frist på 5 år for ny nabovarsling.

Kommentar frå rådmannen:

§ 21-3, 5 ledd, omhandlar dei tilfelle der det er friteke for nabovarsling av nye tiltak på grunn av at det ligg føre reguleringsplan og der naboane vart varsla gjennom høyringsprosessen (pbl § 12-10) for reguleringsplanen.

Kommune fritok i det påklaga vedtaket for nabovarsling etter §21-3, 2. ledd, grunngjeve med at naboane var varsla tidlegare. Det kom ingen merknader den gong og det vart vurdert at naboane sine interesser ikkje vart ytterlegare berørte av det fornya løyvet. Naboane vart imidlertid underretta om det nye vedtaket, eigar av 140/5 kom med merknad og denne merknaden la grunnlaget for politisk behandling og no klage.

5472 Klagar hevdar vidar at kommunen var kjent med dei privatrettslege tilhøva vedkomande vegretten, og meiner at av den grunn burde søknaden vore avvist. Klagar grunngjev dette med pbl § 21-6 der det heiter:

Dersom det framstår som klart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, kan søknaden avvises. (Understreking er gjort av saksbehandlar)

Kommentar frå rådmannen:

Pbl § 21-6 omhandlar privatrettslege tilhøve i byggesaker, og hovedregelen er at bygningsstyresmaktene ikkje skal ta stilling til privatrettslege tilhøve ved behandling av byggesøknader. Unntaket er i dei tilfelle som er omtala i utdraget frå paragrafen som klagar viser til. Dette er ein mulighet kommunen har til å stoppa ei sak dersom det er sannsynsovervekt for at dei privatrettslege tilhøva ikkje vil la seg løysa. I saka om tekniske anlegg Hansalio har kommunen vurdert det slik at det ved ei rettsleg avgjerd er det størst sannsyn for at Hansalio vil få vegrett. Difor er det gjeve igangsettingsløyve trass i at vegrettsspørsmålet er omstridd, og kommune støttar seg i dette til *Inngjorde m/fl* sin kommentar til plan og bygningslova.

5473 Klagar hevdar at kommunen i det påklaga vedtaket har tolka pbl §27-4 om tilkomst feil ved å gje 241/69 (Hansalio) løyve til å køyra/bruka veg over 240/5 utan at Hansalio har vegrett i område. Det vert hevda at kommunen har gjeve dispensasjon frå pbl §27-4.

Kommentar frå rådmannen:

Kommunen har ikkje i det påklaga vedtaket gjeve Hansalio (241/69) rett til å køyra/bruka vegen over 240/5. Kommunen har sagt at tilkomsten til 141/69 over 140/5 er tilstrekkeleg sikra i samsvar med krava i plan og bygningslova (pbl) §27-4.

Kommunen har dermed ikkje teke stilling til det privatrettslege tilhøvet, jf pkt 3 ovanfor, men meiner kravet til tilkomst etter pbl§27-5 er sikra då det er sannsynsovervekt for at Hansalio ved ei rettsak vil få vegrett.

I det påklaga vedtaket vert det ikkje dispensert frå pbl §27-4. Den midlertidige dispensasjonen gjeld dispensasjon frå dei vedtekne høgdene på vegbana i reguleringsplanen.

5474 Klagar viser til ein ikkje underskriven avtale mellom eigar av 240/5 og 241/69 som skisserer ei fordeling av kostnader 50/50 for felles tilkomstveg. Avtalen vart aldri signert, men var kjent for kommunen. Dermed var kommunen også kjent med at det låg føre privatrettslege tilhøve som ikkje var løyste.

Kommentar frå rådmannen:

Det vert vist til kommentaren til pkt 2.

Klagar meiner at det er saksbehandlingsfeil av forvaltningskomiteen at saka m/tilhøyrande sakspapir ikkje vart gjennomgått på møtet. Heller ikkje dokumenta som vart utdelt under synfaringa var gjennomgått.

Kommentar frå rådmannen:

Det er ikkje vanleg prosedyre i Kvinnherad, og heller ikkje påkrevd etter kommunelova, at sakene vert gjennomgått i detalj på møta. Saken skal vera tilstrekkeleg opplyst, og dersom representantane har spørsmål, vert desse svara på i møtet. Slik var det også i møtet 24.08.2016. Kor vidt utdelte dokument skal gjennomgåast i møtet, er opp til leiaren om han finn det naudsynt.

Klagar oppsummerer med at det ikkje kan gjevast igangsettingsløyve før eigar av 241/69 har erverva seg vegrett til Hansalio. 241/69 har vegrett på andre sida av bekken, denne må nyttast inntil vegrett over 240/5 ligg føre.

Kommentar frå rådmannen:

Rådmannen viser til kommentarane i punkta framfor.

Merknad til klage frå adv Vestly

Sjå vedlegg 2.

Adv Sturla Vik Vestly oppsummerer med at han ikkje kan sjå at det er tilhøve som tilseier at det ligg føre:

- Saksbehandlingsfeil
- Rettsanvendelsesfeil
- Urimeleg eller vilkårlig skjønnsutøving (kva gjeld faktum)

Når det gjeld saksbehandlingsfeil er det eit tilleggsvilkår at det er grunn til å tru at feilen kan ha verka bestemmande inn på vedtaket (kasualitetskrav). Vik Vestly kan ikkje sjå at kravet til casualitet er oppfylt, og klagar har heller ikkje hevda at det ligg føre grunnlag for casualitet.

Vurdering

Rådmannen viser til kommentarane og merknadane framfor og finn at klagen ikkje tilfører saka nye moment. Rådmannen rår difor til at forvaltningskomiteen opprettheld sitt vedtak av 24.08.2016

Vedtaket skal sendast til:

Fylkesmannen i Hordaland, justis og forvaltningsavdelinga for endeleg avgjerd.

Kopi til:

Partane

Vedlegg:

1. Klage frå Jan Hermann Skarveland
2. Merknad til klagen frå Ideal Invest A/S v/adv Sturla Vik Vestly
3. Oversiktskart
4. Planoversikt
5. Gjeldande reguleringsplan for Hansalio hyttefelt
6. Gjeldande reguleringsplan for Kringleneset bustadfelt
7. Igangsettingsløyve (delvis) av 05.06.2007
8. Dispensasjon og igangsettingsløyve av 13.05.2016
9. Merknad frå Jan Hermann Skarveland dagsett 24.05.2016

